



**Ein containar nummer 3 er kome på plass ved Gamleskulen.**

**Det er ein såkalla UFF-containar og i den kan ein legge gamle klede og sko.**

**UFF står for U-landshjelp frå Folk til Folk.**

UFF fylte 30 år i fjor og har gjort eit storarbeid. Organisasjonen har 328 utviklingsprosjekt i 42 land og når ut til over 12 millionar av dei fattigaste på jorda.

Barnehjelp, AIDS-forebygging, skulebyggjing og naudhjelp er nokre aktuelle stikkord.

Innsamling av klede har fleire perspektiv: Ombruk av 1 kilo tøy sparer miljøet for 4,1 kilo CO2.

UFF har 3 butikker i landet og i dei blir det kvar veke hengt ut 2.000 nye plagg - frå dei siste 5 tiåra!  
Sommarklede blir seld gjennom UFFs systerorganisasjonar i Afrika og det blir seld vinterklede i Øst- Europa.

UFF samler ikkje berre inn brukte klede og sko, det blir også samla inn computarar som får nytt liv og blir nytta ved lærarskuler i Afrika.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen